

Kummane på Kjærlandssido er fornya og sikra.

15.03.2019



25 kummar er fornya og oppgraderte på Kjærlandssido.

Arbeidet med oppgradering av vegkummane vert slutført i denne veka. Berre noko finpussing og borkøyring av overskotsmassar stå att. Med dette er det reinska, justert og støypt rundt tilsaman 25 kummar frå Uskedal bru til Haugland. Entreprenør Hauge Forskaling har utført jobben på oppdrag frå Kvinnherad kommune.

Arbeidskoordinator Øyvind Hardeland er godt nøgd med arbeidet som er gjort på Kjærlandssido. Kummane er med dette sikra og godt synlege. Mange kummar er løfta og skråstillt. Vatnet renn inn i kummen og ikkje forbi og ut på vegen. Kummane er synlege ved inspeksjon ved at ikkje lauv og massar dekkar til og tettar nedløpet.

Viktig er det også at det er støypt rundt kummane. Det, som ofte var opne hol og dermed ein fare for gåande og syklande i myrke, er no ei tett flate. Kummane er dermed sikra mot ulukker. Det er forskalt og støypt ein forstøtningsmur, som ein bakvegg, der det er bratt nedløp og mykje vatn.

Alle kumlokka er no tilpassa dimensjonen på kummen. Dermed ligg det rister som er faste og ikkje lause, slik det var nokre døme på før. Kommunen har utført denne same fornyinga på vegkummane i Omvikdalen, i Sandvikjo og over Hjelmeland. Resultatet etter denne oppgraderinga har hatt god effekt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Nokre nedløp er forsterka og sikra med ein forstøtningsmur i bakkant.